



DEN NORSKE KYRKJA
Bjerkreim sokn

Innkalling

Råd: Bjerkreim sokneråd

Dato og tid: 03.09.2025, 19:30

Lokale: Bjerkreim kyrkjekontor

Saksmappe: BS2025-21

Til: Gudbjørg Bjerkreim (leiar), Annbjørg Gravdal Larson (Nestleiar), Per Børge Hillestad (Prest), Andreas Osland (Medlem), Jan Tore Gjedrem (Medlem), Jane Fuglestad Rønning (Medlem), Kari Tove Vikeså (Medlem), Kristoffer Gilje (Medlem), Valborg Bjerkreim (Medlem), Vegard Mong (Medlem)

Vara: Aslaug Marie Undheim (Varamedlem), Gunn Tone Grastveit Nilsen (Varamedlem), Oddrunn Veen (Varamedlem), Olav Nygård (Varamedlem), Tore Soteland (Varamedlem)

Hautsemesteret er i gang - velkomne til soknerådsmøte. Saklista gjev rom for litt refleksjon og høgttenking i starten av møtet. Tenk gjerne ut ein ting du tykkjer er viktig for kyrkja i Bjerkreim.

Opning v/Kari Tove. Tekst for 13. søndag i treeiningstida: Johannes 15, 13-17.

Sakslisten

Faste Saker

039/25 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 11. juni 2025

040/25 FR - Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtesaker

041/25 FR - Tiltak for Bjerkreim sokn 2026, søknad til kommunen

042/25 FR - Status, namna minnelund

043/25 SR - Julekonsertar med Garness, Ølberg, kulturskulen og den tradisjonelle

044/25 SR - Småsaker å ta stilling til

Orienteringssaker

00007 SR - Referat møte i utval for kyrkjeleg undervisning og opplæring

00008 SR - Referat møte diakoniutvalet 18. aug. 25

Gudbjørg Bjerkreim
leder

Astrid Apalset Vassbø
sekretær

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar
Astrid Apalset Vassbø

Klasse
411

Saksmappe
BS2025-21

Gradering
Ingen skjerming

Råd/utval
Bjerkreim sokneråd

Saksnummer
039/25

Møtedato
03.09.2025

039/25 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 11. juni 2025

Vedlegg liste

1 Protokoll Bjerkreim sokneråd 11.06.2025.pdf

Saksframlegg

Viser til tidlegare utsendt protokoll frå møte 11. juni.

Forslag til vedtak

Protokollen frå 11. juni 2025 er godkjent.

Signeringsinformasjon

Side 1/1

Protokoll: Bjerkreim sokneråd onsdag 11. juni 2025

Navn	Signert med	Tidspunkt
Gudbjørg Bjerkreim	BankID OIDC	2025-06-12 15:20:43
Andreas Osland	BankID OIDC	2025-06-12 12:17:25



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Bjerkreim sokneråd

Dato og tid: 11.06.2025, 19:30

Stad: Bjerkreim kyrkjekontor

Saksmappe: BS2025-15

Til stades: Gudbjørg Bjerkreim (leiar), Per Børge Hillestad (Prest), Andreas Osland (Medlem), Jane Fuglestad Rønning (Medlem), Kari Tove Vikeså (Medlem), Kristoffer Gilje (Medlem), Valborg Bjerkreim (Medlem), Vegard Mong (Medlem), Aslaug Marie Undheim (Varamedlem), Gunn Tone Grastveit Nilsen (Varamedlem)

Forfall: Annbjørg Gravdal Larson (Nestleiar), Jan Tore Gjedrem (Medlem)

Protokollfører: Astrid Apalset Vassbø

Per Børge hadde opning.

Sakslista

Faste Saker

030/25 Godkjenning av innkalling og sakliste til møte 11. juni 2025

Møtesaker

031/25 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 7. mai 2025

032/25 FR - Revisjonsberetning for rekneskapsåret 2024

033/25 FR - Søknad om forlenga permisjon [Skjerming]

034/25 FR - Status minnelund på Bjerkreim kyrkjegard pr 5. juni 2025

035/25 SR - Konfirmasjonsopplegg 2025/26 og evaluering av konfirmasjonsfesten 2025

036/25 SR - Julekonsert med Garness

037/25 SR - Planlegging fest for 50-årskonfirmantane 7. sept. 2025

038/25 Eventuelsaker 11. juni 2024 - kom opp i møtet

Orienteringssaker

00006 Orienteringssaker og eventuelsaker 11. juni 2025

Gudbjørg Bjerkreim
leiar

Andreas Osland
Medlem

030/25 Godkjenning av innkalling og sakliste til møte 11. juni 2025

Saksbehandlar
Astrid Apalset Vassbø

Møtedato
11.06.2025

Saksnummer
030/25

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Møtebehandling

Innkallinga vart einstemmig godkjent, fleire saker vart meldt inn som eventuelt.

I tillegg kom det ynskje om at tida for soknerådsmøta og sakliste vert gjort kjent på nettsida til Bjerkreim sokn. Møta er opne for publikum, men det er ikkje lett å vite når møta er eller kva saker som skal drøftast.

Vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Frå og med neste møte vert innkalling og sakliste gjort tilgjengeleg på nettsida til Bjerkreim sokn.

031/25 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 7. mai 2025

Saksbehandlar
Astrid Apalset Vassbø

Møtedato
11.06.2025

Saksnummer
031/25

Forslag til vedtak

Protokollen frå soknerådsmøte 7. mai 2025 vart godkjent.

Møtebehandling

På sist møte vart det gjort eit vedtak om at Per Børge skulle ta kontakt med "YoungLife" ang. eit eventuelt felles møte mellom sokn, misjonshus og bedehus ang. ungdomsarbeid. Kontakt er oppretta med tanke på eit slik møte fortrinnsvis i løpet av hausten.

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Protokollen frå soknerådsmøte 7. mai 2025 vart godkjent.

032/25 FR - Revisjonsberetning for rekneskapsåret 2024

Saksbehandlar
Astrid Apalset Vassbø

Møtedato
11.06.2025

Saksnummer
032/25

Forslag til vedtak

Revisors beretning for rekneskapsåret 2024 vert tatt til orientering.

Møtebehandling

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Revisors beretning for rekneskapsåret 2024 vert tatt til orientering.

033/25 FR - Søknad om forlenga permisjon

Saksbehandlar
Astrid Apalset Vassbø

Møtedato
11.06.2025

Saksnummer
033/25

Forslag til vedtak

Ronny Myksvoll får innfridd søknaden om vidare permisjon i 20 prosent av stillinga som menighetsarbeidar fram til 1. januar 2026. Praksiske spørsmål i samband med dette vert avklart med kyrkjeverja.

Møtebehandling

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Ronny Myksvoll får innfridd søknaden om vidare permisjon i 20 prosent av stillinga som menighetsarbeidar fram til 1. januar 2026. Praksiske spørsmål i samband med dette vert avklart med kyrkjeverja.

034/25 FR - Status minnelund på Bjerkreim kyrkjegard pr 5. juni 2025

Saksbehandlar
Astrid Apalset Vassbø

Møtedato
11.06.2025

Saksnummer
034/25

Forslag til vedtak

1. Status ang. minnelund og planlagt framdrift vert tatt til orientering.
2. Arbeidsutvalet har fullmakt til å godkjenne pristilbod dersom kostnaden ligg under summen som står på fond.

Møtebehandling

Aslaug refererte til diskusjonen LMT-utvalet har hatt ang. minnelund. Ein kommentar å ta med derifrå er innspel om at mellom anna at materiale til skruer og minneplatter vert valt slik at ein ikkje risikerer at det vert rustrender.

Vedtak

1. Status ang. minnelund og planlagt framdrift vert tatt til orientering.
2. Arbeidsutvalet har fullmakt til å godkjenne pristilbod dersom kostnaden ligg under summen som står på fond.
3. Materialval på minneplatter og oppheng vert sjekka nøye før bestilling.

035/25 SR - Konfirmasjonsopplegg 2025/26 og evaluering av konfirmasjonsfesten 2025

Saksbehandlar
Astrid Apalset Vassbø

Møtedato
11.06.2025

Saksnummer
035/25

Forslag til vedtak

1. I 2026 vert det tradisjonell konfirmasjonsfest på bedehuset i etterkant av samtalegudstenesta. Dato for dette er 21. mai.
2. Innspel og kommentarar ang. konfirmasjonsopplegget for 2026 vert tatt med vidare i arbeidet.

Møtebehandling

Soknerådet diskuterte dei to saksfelta kvar for seg.

Ang. konfirmantfesten

Sjølve festen var vellukka, og mange har fått positive kommentarar både undervegs og i etterkant. Samtidig har nokon peika på at det er meir stas og høgtideleg med ein tradisjonell fest på bedehuset.

Fleire peika på fordelene med at konfirmantane sat med foreldra på benkar som var merka med namn.

Preikene på både samtalegudstenesta og konfirmasjonsgudstenestene vart rosa for målgruppetenking og innhald.

Nytt konfirmantår: 2025/26

Dagen før møtet i soknerådet vart det arrangert møte med neste års konfirmantar med foresette. Her vart det uttrykt ynskje om at opplegget vert sett på som såpass dynamisk at det kan endrast dersom noko tilseier dette.

Soknerådet støttar forslag til konfirmantavtale, og er tydelege på at det er viktig at brot på forventta oppførsel raskt fører til konsekvensar. Det er ein fordel om berre ein eller to personar vert tatt ut frå opplegget i tilfelle uro, ikkje ein heil gjeng. Ikkje tenk gruppe.

Tips som kom fram:

- Ta tak i situasjonen før det eskalerer og ein vert for sinte
- Gje melding til foreldre når ungdomane vert sendt heim
- Ver tydeleg på at dei er hjarteleg velkomne tilbake neste samling
- Ver helst to når ein går ut med ein ungdom
- Det er ein fordel om ein klarer å formulere konsekvensar/prosedyrer ved uønska åtfærd.
- Kvar hending vert vurdert for seg, konsekvensane kan variere

Prisen for å delta på konfirmantopplegget har i mange år vore kr 1500. Soknerådet støtta forslaget om å auke denne prisen til kr 1700. Dersom nokon ynskjer å betale i fleire bolkar eller treng hjelp til å søkje om støtte frå kommunen til å dekke denne kostnaden, bistår kyrkjeverja.

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

1. I 2026 vert det tradisjonell konfirmasjonsfest på bedehuset i etterkant av samtalegudstenesta. Dato for dette er 21. mai.
2. Innspel og kommentarar ang. konfirmasjonsopplegget for 2026 vert tatt med vidare i arbeidet.
3. Prisen for å delta på konfirmantopplegget inkl. leir vert auka til kr 1700.

036/25 SR - Julekonsert med Garness

Saksbehandlar
Astrid Apalset Vassbø

Møtedato
11.06.2025

Saksnummer
036/25

Forslag til vedtak

Bjerkreim sokneråd takkar nei til spørsmålet frå Garness om å stille som arrangør av ein julekonsert i 2025.

Soknerådet ynskjer å sjekke ut om det kan vere aktuelt med eit samarbeid med kulturkontoret om ein julekonsert i 2026, gjerne med Garness.

Møtebehandling

Soknerådet ynskjer Garness velkomne til å halde julekonsert i Bjerkreim kyrkje.

Valborg stilte alternativt forslag til vedtak:

Bjerkreim sokneråd takkar ja til spørsmålet frå Garness om å stille som arrangør av ein julekonsert i 2025.

Valborg sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Bjerkreim sokneråd takkar ja til spørsmålet frå Garness om å stille som arrangør av ein julekonsert i 2025.

037/25 SR - Planlegging fest for 50-årskonfirmantane 7. sept. 2025

Saksbehandlar
Astrid Apalset Vassbø

Møtedato
11.06.2025

Saksnummer
037/25

Forslag til vedtak

1. Vert:
2. På kjøkenet:
3. Kommunen v/ordførerar vert invitert/vert ikkje invitert med på denne samlinga.

Møtebehandling

Jan Tore hadde då han melde forfall til møtet meldt seg frivillig til å vere på kjøkenet denne søndagen. Han ynskte gjerne å ha med seg Kari Tove som i fjor.

Soknerådet ynskjer å invitere ordføraren med på samlinga, dette er særleg stas for tilreisande gullkonfirmantar.

Vedtak

1. Vert: Gudbjørg
2. På kjøkenet: Jan Tore og Kari Tove
3. Kommunen v/ordførerar vert invitert med på denne samlinga.

038/25 Eventuellsaker 11. juni 2024 - kom opp i møtet

Saksbehandlar
Astrid Apalset Vassbø

Møtedato
11.06.2025

Saksnummer
038/25

Forslag til vedtak

Ingen forslag til vedtak.

Møtebehandling

1. Bønedag 3. juni

Fin dag, kunne gjerne vore betre kunngjort og besøkt.

2. Dokumentarfilm om Hans Nilsen Hauge

Tom Fjermedal har kome med innspel om det er aktuelt å lage ein temakveld og vise denne filmen. Saka vert tatt opp igjen på neste møte. Rådet ser evt føre seg ein kveld i samarbeid med bedehus/misjonshus der det òg vert fortalt litt om kva Hans Nilsen Hauge gjorde i Bjerkreim.

3. Kyrkjegarden på Ivesdal

- Ros til klipping og stell vert gjeve vidare til vedlikehaldsgruppa

- Veldig fint med dei samanplantingane som har blitt hengt ut på begge kyrkjene

- Då det var så tørt i mai vart kranen med vatn til vatning på kyrkjegarden stengt av. Om det kjem ein ny tørkeperiode bør det sjekkast opp om det er mogeleg å setje opp ein stor tank med vatn til vatning.

- Dersom det vert eit problem med bubilparkering på Ivesdal vert det sjekka opp om det er mogeleg å setje opp eit skilt ang. dette.

4. Kyrjekaffi

Denne har kome for å bli. Kyrkjevertane vert oppfordra til å ta med ei kanne kaffi, dette vil som regel vere nok saman med det kyrkjetenarane kokar. Soknerådsmedlemmer kan gjerne skrive ein kommentar i Messengergruppa dersom dei skal til gudsteneste og kan ta med seg ei kanne kaffi/te, dette er særleg aktuelt dei søndagane det er venta ekstra mykje folk. Valborg kan òg godt bruke denne kanalen til å oppfordre medlemmene i gruppa til å ta med ei kanne slike dagar.

5. Disippelgjering

I etterkant av preika pinsedag har det kome eit spørsmål om soknet - gjerne i samarbeid med misjonshus og bedehus - kan arrangere temakveld med fokus på korleis ein kan gje ordet vidare i kvardagen. Per Børge tenkjer på dette, saka vert tatt opp på eit møte til hausten.

6. Ofring

På nokre gudstenester er det veldig få som går rundt alterringen og ofrar. Er det mogeleg å legge til rette for ofring enten ved utgangen eller ved å sende rundt korger?

7. Skattefrie gåver - avtale med Solidus

Bjerkreim sokn har inngått avtale med Solidus ang. skattefrie gåver. Dette opnar mellom anna for at offergåver på Vipps kan registrerast med skattefritak.

Vedtak

1. Astrid sjekkar med kommunen ang. kven som har ansvar for at det er vatn på Ivesdal og evt å køyre opp ein tank til vatning i tørkeperiodar.
2. Dersom det vert eit problem med bubilparkering på Ivesdal vert det sjekka opp om det er mogeleg å setje opp eit skilt ang. dette.
3. Kyrkjevertane vert bedt om å ta med ei kanne kaffi eller te.

4. Eventuelle temamøte om disippelgjering vert tatt opp som sak i haust.
5. Over sommaren vert det ny praksis med offerkorg på kyrkjekaffibordet i tillegg til framleis høve til å gå rundt alteret og å gje på Vipps/direkte på konto.
6. Over sommaren vert det orientert på minst ei gudsteneste både om høve til å gje kontantar i ei korg på kyrkjekaffibordet og at ein kan registrere seg som gjevar med skattefråtrekk på Vipps.

Saksbehandler

Møtedato

Saksnummer

11.06.2025

00006

00006 Orienteringssaker og eventuellsaker 11. juni 2025

Informasjon

1. Ivesdal kyrkje 150 år

Per Spødervoll kunne informere om at Ivesdal kyrkje ikkje har jubileum før september 2027. Så då har vi endå betre tid til å førebu feiringa. Ny invitasjon til komite for markeringa vert sendt ut våren 2026.

2. Opningar på soknerådsmøte

Berre gje melding om de ikkje ynskjer å ha dette ansvaret. Denne oversikta er eit forsøk på å lage litt struktur på kven som har ansvar for denne delen av soknerådsmøtet.

3. september - Kari Tove

1. oktober - Kristoffer

12. november - Annbjørg

3. desember - Valborg

3. Friluftsgudsteneste søndag 15. juni på Tengesdal

Nokon som kan tenke seg å bidra som parkeringsvakter eller vegvisarar denne søndagen? Vi satsar på pent ver og mykje folk når friluftslivets år og 900-årsjubileumet for bispedømmet skal feirast.

Protokoll: Bjerkreim sokneråd onsdag 11. juni 2025

Navn

Andreas Osland

Dato

2025-06-12

Navn

Gudbjørg Bjerkreim

Dato

2025-06-12

Identifikasjon



Andreas Osland

Identifikasjon



Gudbjørg Bjerkreim



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Astrid Apalset Vassbø	411	BS2025-21	Ingen skjerming
Råd/utval	Saksnummer	Møtedato	
Bjerkreim sokneråd	040/25	03.09.2025	

040/25 FR - Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksframlegg

I "Forskrift om reglar for verksemda til soknerådet og kyrkjeleg fellesråd" §6, 1. ledd står det:

"Soknerådet/kyrkjeleg fellesråd" kan vedta med vanleg fleirtal å utsetje realitetshandsamling av ei sak på saklista som er sendt ut. Det kan òg gjera vedtak i ei sak som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiaren eller 1/3 av medlemmane som er møtt fram set seg mot dette."

Godkjenning av innkalling og sakliste skjer for lukka dører slik at soknerådet på fritt grunnlag kan vurdere om saker bør skje for lukka dører. §3 i same reglane seier følgjande: Møte i sokneråd/kyrkjeleg fellesråd vert halde for opne dører dersom ikkje anna er bestemt av rådet. Personalsaker og saker med lovbunden teieplikt skal handsamast for lukka dører. Debatt om ei sak skal handsamast for opne eller lukka dører, skal gå føre seg for lukka dører.

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Astrid Apalset Vassbø	700	BS2024-22	Ingen skjerming
Råd/utval	Saksnummer	Møtedato	
Bjerkreim sokneråd	041/25	03.09.2025	

041/25 FR - Tiltak for Bjerkreim sokn 2026, søknad til kommunen

Vedlegg liste

1 SKM_C25825082213090.pdf

Saksframlegg

Kvart år søker Bjerkreim sokn kommunen om ekstra midlar til å gjennomføre ekstraordinære tiltak, reparasjonar eller aktivitetar som det elles er vanskeleg å få gjort. Eksempelvis har kommunen i fleire år vore med og betalt løn til diakon/diakonarbeidar, og i år fekk vi støtte til å få Multiconsult til å lage ein tilstandsrapport for begge kyrkjene. Denne rapporten har vi enno ikkje mottatt, men han er etterspurt og vi avventar tilbakemelding på når vi kan få ein gjennomgang av resultata her.

Fristen for innsending av tiltak for 2026 var 22. august, og dette vart oppdaga same dag. Det vart sendt inn søknad om to tiltak: Framleis støtte til diakonstilling og oppfølging av resultat av tilstandsrapporten for kyrkjene. Dette er i tråd med det som vart sendt inn for 2025 der vi søkte om midlar til sjølve rapporten i 2025 og utbetring i Ivesdal kyrkje i 2026.

Det kan vere aktuelt å søkje om stønad til utbygging av namna minnelund, i tilfelle kostnaden går over den summen som ligg på bunde fond til vidare utbygging av gravplass. Det kan gjerne drøftast i møtet om det skal sendast inn eit tiltak ang. dette i etterkant av møtet og dermed fristen.

Sjå vedlegg som viser innsendt søknad.

Forslag til vedtak

Oversendt brev til kommunen med søknad om desse tiltaka vert tatt til orientering:

1. Vidare stønad til diakonstilling
2. Oppfølging av tilstandsrapporten for kyrkjene



DEN NORSKE KYRKJA
Bjerkreim sokn

Dato 22.08.25
Arkiv BS2024-22-8
Saksbeh. AAV

Bjerkreim kommune
v/kommunalsjef Hanne Hundsnes

Tiltak frå Bjerkreim sokn til budsjett- og økonomiplan 2026-29

Vedlagt fyljer soknet sine tiltak til komande budsjett- og økonomiplanperiode.

For 2026 vil soknerådet spele inn to satsingsområde:

1. Framleis støtte til diakonstillinga
2. Oppfølging av tiltandsrapport frå 2025 for Ivesdal kyrkje og Bjerkreim kyrkje

Soknerådet ser fram til samarbeid i den vidare budsjettprosessen. Endeleg driftsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2026-29 vert sett opp i etterkant av at kommunestyret har vedtatt endeleg rammeoverføring til soknet. Driftsbudsjettet vårt vert sendt over til kommunen til orientering på nyåret.

Beste helsing

Astrid Apalset Vassbø
kyrkjeverje

Vedlegg: Tiltak 1: Framleis dekking av diakonstilling

Tiltak 2: Oppfølging av tilstandsrapport Ivesdal kyrkje og Bjerkreim kyrkje

Tiltak 1 frå: Bjerkreim sokn

Område (drift/investering): Drift

Tiltaksnamn: Støtte til diakonstilling

Informasjon om tiltak: Soknet søker om framleis støtte til diakonstilling

Grunngjeving: Kommunestyret vedtok juni 2021 å støtte Bjerkreim sokn med midlar til 25 prosent stilling diakonarbeidar, altså halvparten av kostnaden med halv stilling.

Diakonarbeidaren har sidan 1. august 2024 hatt stilling som diakon etter endt utdanning.

Diakonen har mange av dei same oppgåvene som før, og fleire av desse er i samarbeid med kommunen til beste for innbyggjarane i kommunen vår:

1. koordinering og gjennomføring av Global kafé for flyktningar og andre annankvar onsdag. Språktrening, aktivisering og møteplass for personar med ulik nasjonal bakgrunn
2. samarbeid med tilsette i psykisk helse i kommunen ang. markering av psykisk helse-dagen mm.
3. Samtalar med einsame og eigne arrangement personar med lite nettverk
4. oppfølging av etterlatte etter dødsfall
5. tilgjengeleg samtalepartner/lyttar utanfor forbruken ein time fast kvar tysdag.
6. besøk på omsorgssenteret/dagsenteret
7. kontakt med Frelsesarmeen m.fl. ang. julehjelp til dei som treng dette.

Det er forventningar om at Stavanger bispedøme skal bidra med resterande 25 prosent til stillinga som er på 50 prosent. Men bispedømet har framleis ikkje mottatt friske midlar gjennom statsbudsjett/frå kyrkja nasjonalt til fleire diakonale stillingar, og bispedømet vel å støtte dei sokna som tidlegare har fått pengar til slike stillingar heller enn å gje til nye sokn. Bjerkreim sokn har vore tydeleg i sentrale høyringar for å endra dagens støtteordning, og er stadig i kontakt med Stavanger bispedøme med ei klar forventning om at diakonstillinga her skal få økonomisk støtte òg derifrå.

Vi håpar Bjerkreim kommune ser at samarbeidet om denne stillinga er nyttig òg for kommunen og innbyggjarane her og framleis ynskjer å støtte tiltaket.

Iverksetting: Diakonstilling – øk.planperiode til 2028

Vi søker om denne støtta:

Driftskostnader	2026	2027	2028	2029
(i hele tusen)	230	240	240	240

Utløyer tiltaket tilskot eller refusjon – håpar frå Stavanger bispedøme:

Driftskostnader	2026	2027	2028	2029
(i hele tusen)	230	240	240	240

Tiltak 2 frå: Soknet

Område (drift/investering): Drift

Tiltaksnamn: Nødvendig vedlikehald etter ny tilstandsrapport for kyrkjene

Informasjon om tiltak:

I 2025 har Multiconsult gjennomført ein fullstendig tilstandsrapport for både Ivesdal og Bjerkreim kyrkje. I utgangspunktet fekk soknet støtte frå kommunen til å få laga ein slik rapport for Ivesdal kyrkje, men etter framlegg frå Bojan Orelj vart bestillinga utvida til å gjelde begge kyrkjene.

Bakgrunnen for at behovet kom opp var at det vart peika på fukt i fleire vindauger/karmar i Ivesdal kyrkje då formannskapet var på synfaring i 2024. Dette gjer at vindauga og karmene slår seg, og dette er synleg både innandørs og utandørs. I tillegg er det ein synleg svikt i det som er ein del av golvet i galleriet, det viser seg som ein boge i taket over benkane nede.

Multiconsult gjorde sine undersøkingar våren 2025, men vi har diverre ikkje mottatt rapporten og dermed fått oversikt over behova dei ser for vedlikehald. Ut frå det vi veit frå før av behov og manglar søker vi difor om ein sum for å kome i gang med det som hastar mest i forhold til råte og fuktskadar. Truleg vil det bli behov for å fordele kostnader og arbeid over fleire år.

Dersom rapporten viser store behov for tiltak er det naturleg å søkje midlar gjennom «Kirkebevaringsprogrammet».

Iverksetting: Grunnlagsarbeid med tilstandsrapport i 2025, reparasjonar/vedlikehald 2026

Økonomi	2026	2027	2028	2029
(i hele tusen)	150	100	100	100

Utløyser tiltaket tilskot eller refusjon:

Dersom rapporten viser store behov for tiltak er det naturleg å søkje midlar gjennom «Kirkebevaringsprogrammet» som vart etablert i 2024.

Driftskostnader	2025	2026	2027	2028
(i hele tusen)	0	0	0	0

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Astrid Apalset Vassbø	700	BS2025-17	Ingen skjerming
Råd/utval	Saksnummer	Møtedato	
Bjerkreim sokneråd	042/25	03.09.2025	

042/25 FR - Status, namna minnelund

Saksframlegg

Søknaden om å byggje namna minnelund vart sendt fylkesmannen i Vestfold og Telemark midt i juni. Det er dei som har fått tildelt ansvaret for alle godkjenningar av det som har med gravplassar å gjere for heile landet. Steinar Jacobsen som arbeider der tok kontakt for å få nokre avklaringar. Torsdag 22. august hadde han, konsulente Ådne Svalastog og kyrkjevevja Teamsmøte for å få svar på ting som var uklare mm.

Det var eit nyttig møte der vi fekk gått gjennom søknaden, og konklusjonen vart at søknaden kjem til å bli godkjent.

Moment frå samtalen som det kan vere nyttig å ha med vidare:

1. Det er viktig med tydelege vedtekter slik at dei som vel namna minnelund veit kva reglar som gjeld, eksempelvis ang.
kor mange namn det kan vere på ei plate (inntil to), om det kan reserverast plass (ikkje for å ha urnene attmed, men til namn på same plate/evt ny plate med to namn), flytting av namn frå stein til minnelund (berre viss ein flyttar til ein ektefelle), at det ikkje er tillate med figurar/steinar med tekst el.liknande i minnelunda mm. Dette kan vi ta meir detaljert i møtet og når vedtekter for minnelund skal vedtakast
2. Viktig at benk ved minnelund har både ryggstø og armlen (det har vi planlagt)
3. Det bør leggst til rette for bukettar heller enn pottblomar. Lause gjenstandar utanom blomar og lys vert fjerna
4. Vi bør evt fjerne nokre av dei planlagte gravene som ligg inne i gravkartet for å få meir luft rundt minnelunda. Dette er heilt uproblematisk, dei er ikkje tatt i bruk, så det er berre å ta dei bort i dataprogrammet som vert brukt til oversikt over brukte og ledige graver.

Det vert tatt kontakt med kommunen så snart teikningane er formelt godkjent for å få avklart vidare framdrift.

Forslag til vedtak

Orienteringa om status for namna minnelund på Bjerkreim kyrkjegard vert tatt til orientering. Arbeidet med å skrive vedtekter for bruk av namna minnelund vert starta.

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Astrid Apalset Vassbø	632	BS2024-44	Ingen skjerming
Råd/utval	Saksnummer	Møtedato	
Bjerkreim sokneråd	043/25	03.09.2025	

043/25 SR - Julekonsertar med Garness, Ølberg, kulturskulen og den tradisjonelle

Saksframlegg

Pr dags dato er det planlagt fire julekonsertar i Bjerkreim kyrkje:

1. Garness: fredag 5. desember
2. Leif Jone og Lars Bernhardt Ølberg: onsdag 10. desember
3. Kulturskulelærarane: søndag 14. desember
4. Den tradisjonelle: søndag 21. desember

Ang. Garness

Dei har tatt kontakt ang. kva kor/gruppe som evt vert med dei på konserten. Dei vil gjerne ha namn på desse med på plakatane. Soknerådet bør òg ha ein plan for PR for denne konserten utover hausten. Fint om nokon kan vere brannvakter på sjølve konsertdagen. Då kjem ein gratis inn på konserten og får tildelt eit ekstra ansvar i tilfelle noko skjer.

Ang. Ølberg

Dette er far (prest/organist) Lars Bernhardt og son (operasongar) Leif Jone som leiger Bjerkreim kyrkje for å ha julekonserten "Sæle julekveld" som ein del av sin juleturne. Dei veit om at det er tre andre julekonsertar, men hadde sterkt ynskje om å opptre her før jul.

Ang. kulturskulelærarane

Dei opptre og tek inngangspengar for å spe på økonomien til kulturskulen og spre julestemning.

Ang. den tradisjonelle julekonserten

Solveig er på saken.

Forslag til vedtak

Orienteringa ang. dei ulike julekonsertane vert tatt til orientering.

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar
Astrid Apalset Vassbø

Klasse
020

Saksmappe
BS2024-5

Gradering
Ingen skjerming

Råd/utval
Bjerkreim sokneråd

Saksnummer
044/25

Møtedato
03.09.2025

044/25 SR - Småsaker å ta stilling til

Vedlegg liste

- 1 Bjerkreim kyrkje.html
- 2 Håndmalte julekuler i glass - MisjeCollection.pdf
- 3 Hans Nielsen Hauge (A4) (1).pdf

Saksframlegg

1. Julekuler med motiv Bjerkreim kyrkje

Vi har fått tilbud om å få (hand-)måla julekuler med Bjerkreim kyrkje på. Er dette noko vi ynskjer? Vi sender eventuelt over eit bilete som dei skal måle kulene etter, så mottek vi dei og sel dei vidare. Eg er litt i stuss om dette er noko vi skal bruke tid og krefter på, men vi kan gjerne ta ei runde på det i soknerådet. Forslag til utsalpris er kr 300 pr julekule.

Sjå meir informasjon i vedlegg.

2. Hans Nilsen Hauge - filmen.

I haust kjem det ein kinofilm om Hans Nilsen Hauge. På soknerådsmøtet før sommaren kom det eit forslag om at soknet skulle initiere ein felles filmkveld for sokn, misjonshus og bedehus. Kvelden kunne evt kombinerast med litt lokal informasjon ang. kva han hadde gjort i vårt område av landet.

No er det avklart at Egersund kino vil lage eit arrangement den 18. september som er i tråd med det soknerådet prata om på sist møte. Sjå vedlegg. Kyrkjevevja har snakka med ei av dei som står bak filmen og skal delta i møtet. Ho seier at det er rom for å legge inn nokon fleire i programmet dersom vi veit om nokon som har lokal kunnskap om kva Hans Nielsen Hauge gjorde og har betydd her i regionen.

Forslag til vedtak tek utgangspunkt i at vi støttar opp om det gode programmet dei har planlagt i Egersund i staden for å organisere eit liknande opplegg i Bjerkreim.

3. Edland rørbøying - status rekkverk

Måndag 1. september kjem Edland rørbøying på ny synfaring i Bjerkreim kyrkje. Status for montering av rekkverk vert informert om i soknerådsmøtet.

Forslag til vedtak

1. Det vert ikkje bestilt inn julekuler med Bjerkreim kyrkje som motiv.
2. Dei som ynskjer å sjå film og høyre meir ang. Hans Nielsen Hauge sitt arbeid i området her er velkomne til å delta på arrangementet i Egersund 18. sept. kl 18.30.
3. Status rekkverk i Bjerkreim kyrkje vert tatt til orientering.



Håndmalt julekule i glass med eget motiv

Julekulene males av profesjonelle malere med lang erfaring i malekunsten. Malingen foregår på innsiden av kule med en liten penn som tres gjennom hulle på toppen av glasskule. På den måten blir hver kule et unikt produkt selv om motivet er likt.

Minimum antall: 100 stk pr. motiv

Fortjeneste ved salg av håndmalte julekuler

Den mest vanlige utsalgsprisen er kr. 300,- inkl. mva pr. julekule. I tabellen er fortjeneste utregnet uten mva

Antall	Innpris	Veiledende utpris	Fortjeneste
100	kr 125,00	kr 240,00	kr 11 500,00
200	kr 120,00	kr 240,00	kr 24 000,00
300	kr 115,00	kr 240,00	kr 37 500,00
400	kr 100,00	kr 240,00	kr 56 000,00

I tillegg til mva, tilkommer frakt (Posten) fra Haugesund til din avtalte adresse

Fremgangsmåte

1. Dere sender meg en fil med motivet dere ønsker å benytte
2. Filen sendes til malerne etter at vi har avtalt hvordan dere ønsker motivet malt på kule
3. Etter ca 1 uke mottar dere en video og en bildeserie av første utkast.
4. Så snart motivet er godkjent av dere, sendes to fakturaer til dere.
 - a. 1/3 av fakturasum innbetales som depositum før malingen igangsettes
 - b. 2/3 av fakturasum innbetales senest etter 40 dager
5. Malingsperioden er ca 2 måneder + frakt til Haugesund. I denne perioden anbefales det at dere forhåndsselger kulene gjennom deres kanaler. Benytt vipps slik at dere får inn penger, navn og antall bestilte kuler.
6. Jeg vil holde dere løpende informert gjennom prosessen og dere kan være trygge på at dere får et flott og kjært produkt som mange vil sette pris på.

Med vennlig hilsen

MisjeCollection – Kurt Misje






EGERSUND
KINO & KULTURHUS

FØRPREMIERE

TORSDAG 18. SEPTEMBER KL. 18.30



MANY
MORE
FILMS

ODIN
WAAGE

PER CHRISTIAN
ELLESEN

ERIK
HIVJU

INGVILD
SYNTROPIA

DAGNY
BACKER JOHNSEN



HANS
NIELSEN
HAUGE

MANNEN SOM
ENDRET NORGE

EN HARALD FLEM FILM

Program:

- Velkommen ved kinosjef Kari Reianes Spangen
- **Geir Berge**, kveldens konferansier.
- **Björg Veland**, distributør og med-produsent vil sammen med Geir ha en forhåndssamtale om filmens tilblivelse.
- **Foredrag ved Sigve Bø**. Hauge kjenner, nasjonalt og lokalt, forteller om Hans Nielsen Huges innpass og første påvirkning i regionen.
- **Filmvisning - Hans Nielsen Hauge - mannen som endret Norge** (reklamefri)
- **Q&A samtale etter filmen** (ca. kl. 20.10) for de som ønsker
- **Salg/signering av Sigve Bø sin bok** - Kristendommen 1000 år - hva gikk galt?

Kr 120,- Billettsalg: www.egersundkulturhus.no

eBillett: Hans Nielsen Hauge - Mannen som endret Norge

For mer informasjon: Kari Reianes Spangen, 99551759,
kari.reianes.spangen@egersund.kommune.no

Arrangør: Egersund kino i samarbeid med Manymore Films

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandler

Møtedato
03.09.2025

Saksnummer
00007

00007 SR - Referat møte i utval for kyrkjeleg undervisning og opplæring

Vedlegg liste

1 25 08 Referat utvalg for undervisning og opplæring.docx

Informasjon

Utvalet for kyrkjeleg undervisning og opplæring hadde møte 25. august. Sjå vedlagt protokoll.



Vikeså 28.08.2025

Tilstede: Gunn Kristin Bartels, Oddrunn Veen, Andreas Osland, Kari Tove Vikeså, Geir Arne Bjerkreim og Ronny Myksvoll

REFERAT

Dato: 27.8.25
Tid: 19.30-21.00
Sted: Kyrkjekontoret

Ronny åpnet med bønn for arbeidet

UTDELING AV BØKER

- 6 års bok:
 - o 10 bøker ble utdelt 24.8. Det er 20 barn i kullet.
- 4 års bok:
 - o Deles ut på gudstjenesten 5.10. Det er 17 barn i kullet.
 - o Vi gjør som i fjor - deler ut den gamle 4-års boken i år også, så får de boken «Fest på slottet» når det skal arrangeres «Fest på slottet» til våren. Med det unngår vi forvirringen som kan oppstå når det skal arrangeres 4-års samling senere i høst.

2 ÅRS SAMLING

23 barn født 2023. Samlingen blir Lørdag **18.10 kl 10-12** Bibelfortelling: *Sauen som gikk bort*. Enkelt drama, boller og frukt. Ronny har samlingen med hjelp fra Kari Tove. Kari Tove stiller med boller også. Ronny gir beskjed om påmeldte på forhånd.

3 ÅRS SAMLING

Etter at Inger Johanne sluttet hos oss var planen at samlingen skulle utgå. Inger Johanne har derimot ønsket at det skal fortsette. Geir Arne og Oddrun tar dette videre med Ronny i etterkant av utvalgsmøtet.

4 ÅRS SAMLING

17 barn født 2021. Samlingen blir lørdag **18.10 kl 13-15**. Barna blir kjent med døpefonten, prekestolen og lysgloben. Ronny leder samlingen. Bibelfortelling Servering frukt og boller. Ronny finner en passende aktivitet til samlingen.

Medhjelpere: Andreas og Oddrun

TÅRNAGENTHELG 4.-5. OKTOBER



Tårnagenthelgen handler om å møte kirken, bibelen, troen og livet på en utforskende måte. Lørdag kl. 16 – 20 og søndag kl. 10 - etter gudstjenesten. Tårnagentene lager ting/innslag til gudstjenesten, pynter langpannekake til søndagens kirkekaffe, symboljakt i kirken og tur i kirketårnet.

På grunn av så mange ting som skal skje på gudstjenesten på søndagen utgår Tårnagentsangen. I stedet «trener vi opp» tårnagentene til å bli ministranter til gudstjenesten, delta i prosesjon, bære dåpsmuggen, hjelpe til å dele ut 4-års bok osv. Er det tid til et lite tårnagent-drama i tillegg? Ronny koordinerer med prest Per Børge. Søndagen er det også utdeling av 4- års bok og søndagsskolens dag.

Gunhild Helland blir med i planleggingen og gjennomføringen av Tårnagenthelgen fra Søndagsskolen sin side. Medhjelpere: Oddrun og Geir Arne. Englevakter (foreldre) melder seg i påmeldingsskjemaet.

Oddrun og Kari Tove baker kake til søndagens gudstjeneste som barna skal pynte.

- Tårnagentmuffins og pizzasnurrer: Foreldrene blir spurt i påmeldingsskjemaet.
- Tårnagentsangen spilles før og etter gudstjenesten(?)

Til kyrkjeverge: Vi har tidligere ønsket en bedre løsning for benkeplass i sakristiet, men det nye bordet har dessverre ikke løst problemet. Vi ønsker å få montert en benkeplate på veggen i sakristiet før denne helgen. Kan vi spørre håndverkere i bygden til å gjøre jobben hvis vi kjøper en benkeplate på IKEA?

Til gudstjenesteutvalet: Vi ber om det ikke legges opp til en søndag i høstferien med så mange aktiviteter samtidig neste år.

LYS VÅKEN HELG 8.-9.NOVEMBER

Lys Våken er satt opp veldig tidlig i år. Litt av poenget med «kirkens nyttårsfeiring» går da bort. Vi velger derfor et litt annet fokus denne helgen: Pilegrim. Vi lage pilegrimsstaver, gå på tur med poster og aktiviteter underveis. Aktivitet: pilegrimsstav og bivoks-lys. Englevakter (foreldre) melder seg i påmeldingsskjemaet. Medhjelpere: Andreas og Geir Arne. Oddrunn er med i bakhånd.

Til gudstjenesteutvalet: Vi ber gudstjenesteutvalget ta hensyn til at Lys Våken helgen bør komme til 1. søndag i advent neste år, selv om det er kulturdag.

CONNECT

Connect er bibelgrupper for 7. og 8.klassinger. Det starter opp igjen 8. september og går en gang i måneden.

DÅPSSKOLEN, VÅRSEMESTERET

Dåpsskole januar/februar. Her inviteres 1. og 2. trinn med bosted på Bjerkreim. 4 samlinger med ulike tema fra bibelhistorien / kristen tradisjon og tro. Ansvarlig: Ronny og Ingelin. Kari Tove blir med som medhjelper.

BABYSANG

Denne høsten tar Kathrine Salte over babysang. Kan vi får inn noe informasjon om aktivitetene vi har i kirken som barnet vil bli invitert til? Ronny følger opp med Kathrine.

EVENTUELT



DEN NORSKE KYRKJA

Bjerkreim sokn

Ronny delte fra dagens oppfølgingsmøte med Anita Skretting fra bispekontoret og andre ansatte i kirkelig undervisning i Dalane tidligere i dag. Ny plan for kirkelig undervisning og opplæring utfordrer oss til å tenke bredde i uttrykksform og samarbeid fremfor å fokusere for mye på gjennomføring av «punkttiltak».

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandler

Møtedato
03.09.2025

Saksnummer
00008

00008 SR - Referat møte diakoniutvalet 18. aug. 25

Vedlegg liste

1 25 2 REFERAT diakoniutvalg (003).pdf

Informasjon

Referat fra møtet i diakoniutvalet 18. august.

Referat frå møte i diakoniutvalet i Bjerkreim kyrkje

Møtet fann stad på Bjerkreim kyrkjekontor måndag 18. aug. 2025 kl. 19.30 – ca kl. 21.10

Desse møtte:

- Liv Valbjørg Apeland Bakke (leiar)
- Ronny Myksvoll (diakon)
- Gunn Tone Grastveit Nilsen
- Jan Tore Gjedrem
- Aslaug M. Undheim

Saksliste:

1. Godkjenning av referat og saksliste
2. Planlegging av minnegudsteneste søndag 2. nov. 2025
3. Samtale/erfaringar frå om «Heile Rogaland ber» (juni 2025)
 - Forslag om «tidebøn» ein onsdag kvar månad
4. Verdsdagen for psykisk helse – 10. okt. 2025
 - Kan vi bidra med markering?
 - Ev. på kva måte?
5. Ukrainsk/russisk/norsk gudsteneste i 2026?
 - Er det aktuelt å arrangera slik gudsteneste?
6. Eventuelt
 - Erfaringar frå besøkstenesta
 - Samtale om arbeidet
 - Nye forslag

Leiar for diakonutvalet Liv Valbjørg Apeland Bakke ønskte velkommen, diakon Ronny Myksvoll opna med å lesa frå Luk. 17, 1-4. Vi bad deretter **Herrens bøn** i lag.

1. Godkjenning av referat og sakliste

Referat, innkalling og sakliste vart godkjende utan merknader.

2. Planlegging av minnegudsteneste søndag 2. nov. 2025 kl. 19.30

- Oppsummering av minnegudstenesta i 2024:
 - Mange gode tilbakemeldingar kom
- Hugseliste no:
 - Minnegudstenesta er open for alle – informera i Bjerkreimsnytt i forkant
 - *Ansvar: Ronny*
 - Diakoniutvalet ønskjer:
 - Oversikt over alle som er gravlagde i Bjerkreim sidan sist minnegudsteneste. *Ansvar: Ronny*
 - Namna til desse vert lesne opp, og det vert tent lys for kvar enkelt

- Nokre har mista nære slektningar/vener som er gravlagde utanfor Bjerkreim, det vert også tent lys til minne om dei, men det vert då ikkje nemnt namn.
- *Ansvar: Ronny*
- Praktiske oppgåver:
 - Frammøte:
 - Kl. 18. 45: Liv Valbjørg/Ronny/Jan Tore/Aslaug
 - Kl. 19.00: Gunn Tone
 - Te/kaffe:
 - Jan Tore/Ronny/Liv Valbjørg/Aslaug: 1 kanne kaffe (kvar)
 - Gunn Tone/Liv Valbjørg: 1 kanne te (kvar)
 - Telys og lystenning:
 - Telys: Ronny
 - Lystenning: Jan Tore er ansvarleg (+ ein til, Liv Valbjørg?)
 - Namnelesing: Ronny
 - Musikk og song og gudstenestelege handlingar:
 - Monika Vassbø/Øystein Vassbø og Gjermund Vassbø
 - Elles deltek (som vanleg i gudstenestene):
 - Organist Solveig Vassbø Sæth
 - Sokneprest Per Børge Hillestad
 - Klokkar Magnar Edland
 - Diktlesing:
 - Aslaug har spurt Kari Hvidsten Gjedrem – ho melder tilbake om nokre dagar.
 - Viss ho ikkje tek dette på seg, sa Liv Valbjørg i møtet at ho kunne lesa dikt.
 - Blomar på altaret:
 - Aslaug ordnar med roser

3. Samtale om/erfaringar frå «Heile Rogaland ber»

- Opplegget «Heile Rogaland ber» fann stad i Bjerkreim kyrkje i juni 2025
 - Kontinuerleg bøn i 6 t – kyrkja var open denne tida
 - Først «minigudsteneste v/ soknepresten
 - Bønedagen vart avslutta v/diakon og Svein Gunnar Sakseid
 - Bøna og tekstlesing frå Salmane
 - Liknande opplegg vil hausten 2025 verta vidareført som «tidebøn» 1 g/mnd. på Bjerkreim
 - 14. des. kl. 19: Adventssamling (tidebøn inngår)

4. Verdsdagen for psykisk helse – 10. okt. 2025

Det vart kort referert kva som vart gjort i denne samanhengen i 2024.

I 2025 er det ikkje sett av midlar frå Bjerkreim kommune, Bjerkreim kyrkje kan løyva kr 2000. Under idémyldringa her kom følgjande fram:

- Mogeleg samarbeid m/helsestasjon og skule – t.d. gjennom å tilretteleggja ei vandring
- Bruka kulturparken og gjera dette til lågterskeltilbod
- Laga QR-kode/kodar til bruk i forkant og undervegs
- Informasjon på aktuelle nettstader

Diakonen og Solvor Helland har arbeidd noko med dette allereie, dei held fram.

5. Ukrainsk/russisk/norsk gudsteneste i 2026

Det vert ikkje planlagt nokon slik gudsteneste i 2026.

6. Eventuelt

Vi delte erfaringar og informerte kvarandre om status innanfor dei områda som er nemnde nedanfor:

- Besøkstenesta
 - o Mange gilde tilbakemeldingar frå alle.
 - o Vi tek tlf. kontakt ca 1 veke før fødselsdag (80-/85-årsdag) (ev. 90-/95-årsdag)
 - o Blomsterhelsing: Det er no løyvt kr 250 til dette.
- Konfirmantane:
 - o Oversikt over konfirmantane har no vorte laga, Ronny deler inn og gir oss oversikt over kven vi har spesielt bønansvar for.
- Julehjelp:
 - o Ordninga held fram i samarbeid med Frelsesarméen i Egersund, vert sett ut handlevogn på Coop Extra som i 2024.
- Global kafé:
 - o Tidspunkta vert:

▪ 10.09. Bjerkreim	24.09. Vikeså
▪ 08.10. (Utgår – haustferie)	22.10. Vikeså
▪ 05.11. Bjerkreim	19.11. Vikeså
▪ 03.12. Bjerkreim	17.12. Vikeså

Espeland, den 23. aug. 2025

Aslaug M. Undheim
referent